

Sterke FIS-renn av Stordal-alpinistar

Junioralpinistane i Stordal Alpin har begynt å markere seg internasjonalt. Både Erika Holand Tøsse og Vegard Busengdal kunne vise til gode plasseringar under FIS-renna i Funäsdalen i Sverige sist helg.



Erika Holand Tøsse kørde ned til åttande og tiande plass under FIS-renna i slalåm i helga. I begge renna hadde ho fjerde beste tid i finaleomgangane, noko som er svært sterke prestasjonar av den lovande Stordaljenta. Også Vegard Busengdal kørde gode slalåmrenn i Sverige. Søndag kom han på fjortande plass i konkurranse med over hundre løparar, og på laurdag var han heilt oppe på åttande plass etter første omgang, men kørde dess verre ut i andre. Resultata lovar i alle fall godt for ein framgangsrik vinter for løparane frå Stordal Alpin.

Den veka deltek 5 yngre løparar frå Stordal Alpin på fartstrening i Kvitfjell. Det er Rebekka Helland (12), Kristiane Nakken (13), Andrea Vinje Tøsse (13), Kristina Maridal (14) og Olav Rune Bratland (14). Treinar Erik Skaslien leiart fartssamlinga.

Kristiane Nakken deltek på fartssamling på Kvitfjell denne veka